

**MØTEBOK****Budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 - Oppvekst og omsorg**

Utval sak	Utval	Møtedato
41/23	Utval for oppvekst og omsorg	15.11.2023

**Vedlegg:**

- 1 Budsjett 2024 - Helse og omsorg
- 2 Investeringar Helse og omsorg
- 3 Budsjett 2024 - Oppvekst og kultur
- 4 Investeringar Oppvekst og kultur

**Bakgrunn:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 vart lagt fram i kommunestyret 31. oktober. Ytterlegare informasjon finn de på nettsida til kommunen; Budsjett og økonomiplanar - Fitjar Kommune

Fitjar formannskap handsama møte 7. november 2023 – Kommunedirektøren sitt framlegg til Budsjett 2024 og økonomiplan 2024 – 2027 med slik vedtak:

Formannskapet sender kommunedirektøren sitt framlegg til «Budsjett 2024 og økonomiplan 2024 - 2027» til Utval for oppvekst og omsorg, Utval for plan og miljø, Råd for funksjonshemma, Eldreråd og Ungdomsrådet for uttale.

Formannskapet handsamar saka 28.11. og offentleggjer deretter sitt framlegg til budsjett og økonomiplan. Kommunestyret handsamar saka med endeleg vedtak 12.12.

**Framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding

## Saksprotokoll i Utval for oppvekst og omsorg - 15.11.2023

### Behandling:

Etatssjef for oppvekst, førebyggjande tenester og kultur legg saka for etaten føre i møte, og svarar på spørsmål frå utvalsmedlemmane undervegs. Konstituert kommunedirektør og økonomisjef supplerer også i saka.

Informasjonen inneheld blant anna:

- Utfordringar i etaten.
- Gjennomgang av kvar enkelt skule. Elevtal/ tilsette.
- Barnehage. Antal barnehagebarn / tilsette
- Kva som inngår i kulturdelen
- Investeringar i etaten

Etatssjef for helse og omsorg legg saka frå etaten føre i møte:

- Korleis møte utfordringane/demografien?
- Gjennomgang av dei ulike områdene innan helseetaten, mtp stillingar, ansvarsområde, tiltak og liknande:
  - 4000 - Helse og sosial
  - 4100 - Institusjon/FBB
  - 4200 - Heimebaserte tenester
  - 4300 - Habilitering
  - 4400 - Helsespesialistane
  - 4500 - NAV
- Tiltak i helse og omsorg
- Innmeldte saker etter budsjettframlegget 31.10.23 - Behov for å auke opp kommuneoverlegefunksjon til minimum 50 %, noko som vil generere behov for styrking av fastlege og kontorpersoneil på legesenteret. Stipulert kostnad i 2024 er på ca 1.5 million. Konstituert kommunedirektør anbefalar at dette tiltaket vert teke med i det vidare budsjettarbeidet.

Etatssjef svarer på spørsmål etter å ha lagt saka føre. Konstituert kommunedirektør og økonomisjef supplerer.

Økonomisjef viser til heimesida der ein kan finna all tilgjengelig informasjon om budsjett.

[www.fitjar.kommune.no](http://www.fitjar.kommune.no) - Politikk - Budsjett- og økonomiplanar - Budsjett og økonomiplan 2024-2027.

Framlegg til vedtak frå Fitjar Høgre:

"Utval for oppvekst og omsorg tek budsjett for 2024 og økonomiplan 2024-2027 til vitande. Utvalet vil arbeide med endringsforslag fram mot endeleg behandling i formannskap og kommunestyret"

Framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

### Vedtak:

Utval for oppvekst og omsorg tek budsjett for 2024 og økonomiplan 2024-2027 til vitande. Utvalet vil arbeide med endringsforslag fram mot endeleg behandling i formannskap og kommunestyret

André Sæthre  
fung. kommunedirektør